

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Nærings- og kulturavdelinga
Askedalen 2
6863 Leikanger

Dato:
Sandane, 15.august 2019

Dykkar referanse: Sak nr. 19/1878-6

Vedk. Tilsvar om søknad om tilskot til Fellesmagasin Angedalen

Vi viser til brev dagsett 19.juni 2019, gjeldande Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) sitt prosjekt om ombygging av tidlegare Ramstad eskefabrikk til fellesmagasin for musea i fylket.

I brevet ber Sogn og Fjordane fylkeskommune Musea i Sogn og Fjordane innan 15.august om å melde tilbake status for avklaring av andre finansieringspostar utanom statlege løyvingar for realiseringa av fellesmagasinet (eigarkommunar i Sunnfjord og eigenfinansieringa).

I søknaden som er sendt til Kulturdepartementet er det lagt opp til følgjande finansiering frå eigarkommunar og eigenfinansiering:

Eigarkommunane i Sunnfjord Energi (flytting av trafo):	1.000.000 kr
Eigenfinansiering:	4.000.000 kr

MiSF sin eigenfinansiering på 4.000.000 kr er tenkt løyst slik:


Tidlegare avsette prosjektmidlar til båtmagasin	2.359.668 kr
Eigeninnsats årsverk	1.640.332 kr

Eigeninnsatsen årsverk på 1.640.332 kr er tenkt fordelt slik:

Rydding og klargjering	34%	557.712 kr
Planlegging og gjennomføring av flytting av gjenstandar	33%	541.310 kr
Koordinering og oppfølging av førebunde arbeid	33%	541.310 kr

Når det gjeld behovet for finansiell hjelp frå eigarkommunane i Sunnfjord Energi om flyttinga av trafo har vi ikkje vore i kontakt med dei om saka på det noverande tidspunkt. Dersom dette syner seg vanskeleg å få til har MiSF økonomisk dekning på inntil 1.000.000 kr ved interne budsjettmessige omdisponeringar for åra 2020, 2021 og 2022.

Med vennleg helsing



Kjartan Aa Berge
Administrerende direktør